



Møtebok

Utval: Stad kontrollutval
Møtestad: Omsorgssenteret Bryggja
Dato: 22.11.2022
Tid: Kl. 10:00 - 13:40

| Følgjande medlem møtte | Parti |
|-------------------------------|--------------|
| Magne Fure | H |
| Håkon Sjøstad | SV |
| Kariann Myklebust Fagerli | V |

| Forfall | Parti | Varamedlem | Parti |
|-----------------|--------------|-------------------|--------------|
| Jessica Haaland | KRF | | |
| Malene Friberg | SP | Jetmund Nyberg | SP |

Andre som møtte

Vest kontroll:
Jorunn Sandal, spesiellrådgjevar.

Vestland revisjon:
Bjarte Urnes, oppdragsansvarleg revisor.

Stad kommune:
Gunnar Silden, ordførar. Frå 11:30.
Ole Starheim, økonomisjef. I sakene 033, 34, 35, 36, 38 og 39.

Sakene blei behandla i følgjande rekkefølge: 033, 034, 035, 036, 038, 039, 037, 040, 041.

Møteleiar: Håkon Sjøstad

Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel |
|----------------|--|
| 22/033 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 22/034 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 22/035 | Referatsaker |
| 22/036 | Gjennomgang av møteprotokollar |
| 22/037 | Finansiell revisjon 2022 |
| 22/038 | Tertialrapport 2. 2022 |
| 22/039 | Rapportering over finans- og gjeldforvaltning pr. 31.08.2021 |
| 22/040 | Vedtaksoppfølging |
| 22/041 | Saker til eventuell seinare behandling |



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/36855
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 22/033 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Stad kontrollutval 22.11.2022:

STKU- 22/033 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/36585
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 22/034 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

19.10.2022 Protokoll - Stad kontrollutval - 19.10.2022 1532027

Stad kontrollutval 22.11.2022:

STKU- 22/034 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/36856
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 22/035 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Referatsaker

Dagleg leiar si tilråding:

Referete saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:

1, Reglement for kontrollutvalet - kommunestyrevedtak

Stad kontrollutval 22.11.2022:

STKU- 22/035 Vedtak:

Referete saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/36812
Saksbehandlar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saknr. | Utval | Møtedato |
|--------|--------------------|------------|
| 22/036 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Gjennomgang av møteprotokollar

Bakgrunn for saka:

For best mogleg kontroll må ein vere oppdatert om kommunen. Gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside –

<https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Stad kontrollutval 22.11.2022:

STKU- 22/036 Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysningar:

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

| | |
|---------------------------------|--------------------------|
| Administrasjonsutvalet | 09.06 20.10 |
| Eigedomsskatt – Klagenemnd | 20.04 |
| Eigedomsskatt – Sakkundig nemnd | 31.03 10.10 |
| Finansutvalet | 09.06 20.10 17.11 |
| Nordfjordrådet | 26.09 14.11 |
| Stad Eigedomsutvikling KF | 12.10 31.10 |

| | |
|---|--------------------------------|
| Stad Eldreråd | 05.09 17.10 |
| Stad Fjordvarme KF | 04.04 31.10 |
| Stad formannskap | 08.09 20.10 27.10 17.11 |
| Stad kommunestyre | 15.09 27.10 |
| Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 05.09 17.10 |
| Stad ungdomsråd | 05.09 17.10 |
| Utval for areal og eigedom | 04.10 18.10 |
| Utval for helse og omsorg | 06.10 19.10 |
| Utval for kultur, idrett, samfunn og næring | 06.09 18.10 |
| Utval for oppvekst og opplæring | 07.09 19.10 |
| Valstyret | |

Vest kontroll

Jostein Støylen

Dagleg leiar



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/36844
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 22/037 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Finansiell revisjon 2022

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Vedlegg i saka:

21.11.2022 Presentasjon 1541781

Stad kontrollutval 22.11.2022:

Handsaming:

Revisor Bjarte Urnes orienterte og svarte på spørsmål.

STKU- 22/037 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Saksopplysningar:

Oppdragsansvarleg revisor Bjarte Urnes orienterer om opplegget for finansiell revisjon for revisjonsåret 2022. Han vil gjerne drøfte og få tilbakemelding på risikoområdet frå kontrollutvalet.



Arkiv:
JournalpostID: 22/36850
Saksbehandlar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saknr. | Utval | Møtedato |
|--------|--------------------|------------|
| 22/038 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Tertialrapport 2. 2022

Bakgrunn for saka:

Både kommunelova og kommunen sitt økonomireglement stiller krav om rekneskapsrapportering kvart tertial.

Økonomirapporten 2. tertial 2022 blir lagt fram for Kontrollutvalet slik at utvalet kan følge med i den økonomiske utviklinga gjennom året. Kontrollutvalet sitt arbeid med kommunen sin rekneskap munnar ut i utvalet sin uttale om rekneskapen pr. 31.12.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek økonomi- og tenesterapporten 2. tertial 2022 til vitende.

Vedlegg i saka:

15.11.2022 Økonomi. og tenesterapport 31.8.22 Stad 1540267

Stad kontrollutval 22.11.2022:

Handsaming:

Spesialrådgjevar i Vest kontroll, Jorunn Sandal, orienterte litt om saksframlegget. Økonomisjef Ole Starheim orienterte og svarte på spørsmål.

STKU- 22/038 Vedtak:

Kontrollutvalet tek økonomi- og tenesterapporten 2. tertial 2022 til vitende.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Viser til kommunedirektøren v/økonomisjefen sitt saksframlegg i kommunestyresak 22/127 27.oktober og til vedlegget i saka.

Vi nemner følgende vesentlege moment:

- Dei økonomiske utfordringane har vakse i takt med pris- og renteutviklinga og har forverra seg vesentleg i løpet av dette året.
- Tertialet har vore prega av å omstille drifta av organisasjonen til lavare kostnader og mottak av flyktningar.
- Drifta må reduserast til dei økonomiske rammene kommunen har, både på kor og lang sikt.
- Det er gjort vedtak om å sjå på strukturendringar og organisasjonsmessige endringar i heile kommunen.
- Det er vedteke omstillingsprosjekt om å redusere tal på tilsette på dei rette områda, ha rett kompetanse, kontinuerleg forbetringar i tenesteyting, endring i arbeidsmåtar og samarbeidsformer, endring i struktur i tenestene og i administrasjonen.
- Det er utfordrande å drive omstilling samtidig som ein skal levere gode tenester.
- Det er vanskeleg å finne stordriftsfordelar i ein så liten kommune som blir drive med ein desentralisert struktur.
- Kommunen har omfattande planarbeid. Realisering av Stad Skipstunnell gjev kommuneadministrasjonen store oppgåver og utfordringar.
- Rekneskaps-kolonnen inneheld rekneskapsførde tal som ikkje er periodiserte og viser ikkje noko reelt resultat. Det er derfor viktig å lese tekstdelen.
- I driftsbudsjettet for 2022 er det lagt opp å bruke 32,8 mill. av disposisjonsfondet.
- Samla sett er det mindreforbruk pr. 31.8.22, med store variasjonar innanfor teneste- og rammeområda. Negativ avkastning innan finansområdet på 7,7 mill. pga. uro i finansmarknaden.
- Lønsutgiftene totalt sett er litt under det som er budsjettet. Her er det variasjonar mellom einingane. Nokre har meirforbruk, andre mindreforbruk.

- Kommunen har hatt koronakostnader på 3,9 mill. hittil i år. Det er uklart om noko blir refundert via Statsforvaltaren, men det er ikkje avgjort på dette tidspunkt.
- Flykntingtilskotet vil bli høgere enn det som ligg i budsjettet, pga. mottak av fleire flyktingar.
- Andre kostnader er omtrent som budsjettet.
- Regjeringa forventar auka inntekter framover.
 1. Det er venta auke i skatteinntektene i 2022 med kr. 16,7 mill.
 2. « « « utgiftsutjamninga med 12,5 mill.
 3. Desse postane er lagt inn i budsjettendringa i juni.
- Sjukefråveret viser klart fallande tendens. I 2. tertial var fråveret på:
 4. 6 %, nedgang frå 9,44 % i 1. tertial, og nedgang frå 10,75 % i 1. tertial 2021
 5. Nedgang i siste tertial også samanlikna med 2. tertial i 2021 då fråveret var på 8,41 %
 6. Sjukefråværet pr. 31.8. er på 7,73 %. I heile 2021 var fråveret på 9,56 % og i 2020 på 8,22 %
 7. Målet for kommunen er at sjukefråveret ikkje skal vere høgere enn 5,5%.
- Sjå elles informasjon om dei enkelte kommunalområda
- Stad Fjordvarme KF:

Resultatprognose for 2022 og investeringsprosjekta er i samsvar med budsjettet .
For detaljar, sjå vedlegget.

- Stad Egedomsutvikling KF:

Resultatprognose for 2022 og investeringsprosjekta er omtrent i samsvar med budsjettet . Sjå vedlegget.

Økonomisjefen vil vere i møtet for å orientere.

Sakshandsamar: Jorunn Sandal, spesialrådgjevar

Vest kontroll
Jostein Støylen
Dagleg leiar



Arkiv:
JournalpostID: 22/36853
Saksbehandlar: Astrid Landsverk Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saknr. | Utval | Møtedato |
|--------|--------------------|------------|
| 22/039 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Rapportering over finans- og gjeldforvaltning pr. 31.08.2021

Bakgrunn for saka:

Både kommunelova og kommunen sitt økonomireglement stiller krav om rekneskapsrapportering kvart tertial.

Økonomirapporten 2. tertial 2021 blir lagt fram for Kontrollutvalet slik at utvalet kan følge med i den økonomiske utviklinga gjennom året. Kontrollutvalet sitt arbeid med kommunen sin rekneskap munnar ut i utvalet sin uttale om rekneskapen pr. 31.12.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek økonomirapporten 2. tertial 2021 til vitende.

Vedlegg i saka:

| | | |
|------------|--|---------|
| 15.11.2022 | 1 Saksframlegg øk sjef finansrapp 31.8.22 Stad | 1540270 |
| 15.11.2022 | 2 Beholdnings- og avkastningsrapport Pareto 31.8.22 Stad | 1540271 |
| 15.11.2022 | 3 Worldwide Asset Management 31.8.22 Stad | 1540272 |
| 15.11.2022 | 4 Rapport over finans og gjeldsforvaltning 31.8.22 Stad | 1540273 |
| 15.11.2022 | 5 Gjeldsrapport 31.8.22 Stad | 1540274 |

Stad kontrollutval 22.11.2022:

Handsaming:

Spesialrådgjevar i Vest kontroll, Jorunn Sandal, orienterte litt om saksframlegget. Økonomisjef Ole Starheim orienterte og svarte på spørsmål.

STKU- 22/039 Vedtak:

Kontrollutvalet tek økonomirapporten 2. tertial 2021 til vitende.

Saksopplysningar:

Rapport over kommunen si finansforvaltning pr. 31.08.2022 blir lagt fram for Kontrollutvalet slik at utvalet kan følge med i den finansielle utviklinga gjennom året, og dermed vere orientert før utvalet skal gje uttale om årsrekneskapen.

Vi viser til kommunedirektøren v/økonomisjefen sitt saksframlegg i kommunestyresak 22/126 27. oktober.

- Kortsiktig ledig likviditet er skal ha lav risikoprofil og blir forvalta av økonomisjefen.
- Kommunen sine langsiktig finansiell aktiva er kapital som oppstod ved sal av aksjar i Eid Energi AS og Firdakraft AS på til saman kr. 73 mill. i åra 2000 og 2001. Desse midlane blir forvalta eksternt og utgjer no ca. 128 mill. kr.. Pr. 31.8. er avkastninga av desse midlane negativ med kr. 7,7 mill. mot budsjettert med + 2 mill. i 2022.
- Aksje-portefølgjen har hatt lavare avkastning hittil i år enn budsjettert.
- Kommunen har nesten 1,2 milliardar i lånegjeld pr. 31.08.2021. Låna er i Kommunalbanken, KLP, Danske, Bank, Sparebank1 og Husbanken.
- Vel 71 % av låne-portefølgjen har flyande rente, resten fast rente.
- Gjennomsnittleg rente er stigande pga. auke i Norges Bank si styringsrente. Kommunen si gjennomsnittlege rente er på 1,65% hittil i år. Pr. 31.8. var den 2,75 % og kjem til å auke utover året. Pr. 30.04.2021 var renta 0,53%. 3 mnd. NIBOR-rente har auka frå 0,95 % 1.1.22 til 2,6 % 31.8.22.
- Rentekostnadane hittil i år er om lag som budsjettert. Ved slutten av året ventar kommuneleiinga at rentekostnadane vil vere ca. 3 mill. høgre enn budsjettert.
- Likviditeten er bra.

- Disposisjonsfondet er på 168 mill. pr. 1.1.22.
- Kommunen har. 55 mill. i eit rente- og avkastningsfond som er avsett av tidlegare års overskot for å møte vesentlege svikt i avkastninga. Kommunen har såleis støtpute. Kommunen har brukt av dette fondet 4 år sidan 2001.
- Kommuneleiinga meiner at finansreglementet er halde.

Økonomisjefen vil vere i møtet for å orientere og svare på spørsmål.

Saksbehandlar: Jorunn Sandal spesialrådgjevar

Vest kontroll
Jostein Støylen
Dagleg leiar



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/36837
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saknr. | Utval | Møtedato |
|--------|--------------------|------------|
| 22/040 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Vedtaksoppfølging

Bakgrunn for saka:

Sakar som må følgjast opp vidare er merka i vedtaksoppfølginga.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Vedlegg i saka:

15.11.2022 Vedtaksoppfølging

1540252

Stad kontrollutval 22.11.2022:

STKU- 22/040 Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

Vest kontroll

Jostein Støylen

Dagleg leiar



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/36841
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

| Saknr. | Utval | Møtedato |
|--------|--------------------|------------|
| 22/041 | Stad kontrollutval | 22.11.2022 |

Saker til eventuell seinare behandling

Stad kontrollutval 22.11.2022:

Handsaming:

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak.

STKU- 22/041 Vedtak:

Saksopplysningar:

Sekretariatet har ikkje mottatt opplysningar om saker til eventuell seinare behandling.

Vest kontroll

Jostein Støylen

Dagleg leiar